

ØKONOMIPLAN 2023-2026 INVESTERING

Innleiing

Usikkerheit kostnader

Med mykje usikkerheit i marknaden er det svært vanskeleg å berekne prisvekst. Denne usikkerheita påverkar også leveringstid. Usikkerheit med prosjektkostnader avhenger av status på detaljeringsgrad i prosjektet. I anbodsrunde er 15-20 % brukt som uførutsett kostnader. Dette er inkludert endringar i prosjekt og uførutsette moment.

Mange prosjekt er på forprosjektstadiet og økonomisk usikkerheit er derfor noko høgre. Usikkerheit både for pris og prosjekt er inkludert i kostnader.

Forureiningsmyndigkeit avløp

Det er Giske kommunen som er forureiningsmyndigkeit for Forureiningsforskrifta kapittel 13, krav til utslipp av kommunalt avløpsvatn frå mindre tettbebyggelse, mindre enn 10 000 PE til sjø. Avløpsanlegg som faller inn under kapittel 13 kan være kommunalt eigde eller privat eigde. I tillegg til at kommunen er forureiningsmyndigkeit for private avløpsanlegg, er kommunen både ansvarleg forureinar og forureiningsmyndigkeit for dei kommunale avløpsanlegga.

Giske Kommunen er også forureiningsmyndigkeit etter Forureiningsforskrifta

- kap.12 (Krav til utslipp av sanitært avløpsvatn frå bustadhús, hytter og liknande),
- kap. 15 (krav til utslipp av oljeholdig avløpsvatn) og
- kap. 15 A-4 (Påslipp til offentleg avløpsnett).

Prosjekt 1 Oppgradering av eksisterande vassleidning Røysa (mot Vigra)

I dag går leidninga til Vigra frå vestsida av Valderøya og inn på Sætra før den går til sjøleidninga til Vigra på vestsida igjen. Ønskjer å legge 150 meter som held seg til vestsida heile vegen. Tal er berekna i 2021, med 50 % usikkerheit. Vi får litt meir leidningsnett å drifta, men det forenklar arbeidet ved ei driftshending.

Prosjekt 3 Renovering omsorgsbustadar ved Gudmundvegen

Det er behov for omfattande rehabilitering av 3 eldre omsorgsbustader frå 1981.

Vedlikehaldskostnad har tidlegare blitt utsett grunna økonomisituasjonen, men vi har no eit etterslep som må gjennomførast. Vi må utføre utvendig vedlikehald. Vi foreslår investering på kr 1 150 000,- i årleg rammebeløp for kvart bygg. Det må settast av tilsvarande beløp i driftsbudsjettet til vedlikehald. Kostnad er henta frå IK-Bygg tilstandsanalyse 2017. Mogleg med tilskot frå Husbanken for oppgradering på inntil 45 %. Driftsføljeverknad er betre inneklima og redusert straumkostnad (leigetakar betalar for eige straumforbruk).

Prosjekt 6 Reinseanlegg Valderhaugstrand

I Hovudplan VA 2023-2033 er det foreslått bygging av reinseanlegg (RA) på Valderhaugstrand. RA på Valderhaugstrand som vil dekke sørlege del av Valderøya frå Ytterland til Nordstranda. RA Oksneset blir å behalde som i dag. Avløp frå Sætra er tenkt ført til RA på industriområde på Gjøsund. Prosjekt er foreslått i Hovudplan VA. Tall berekna i 2022 i hovudplanarbeidet. 20 % usikkerheit på prosjektering i 2025, og 30 % usikkerheit på bygging i 2026. Antatt årleg driftskostnad kr 1 000 000,- som blir dekt av vatn og avløps gebyr.

Prosjekt 12 Forprosjekt Overføring Sætra – Blomvika

Overføringsleidning for avløp frå Blomvika til Sætra. Var tidlegare tenkt til slamavskiljaren på Oksneset, men er no planlagd i retning Gjøsundet der det planlagde reinseanlegget vil ligge. Tal er berekna i 2018 med 20 % usikkerheit. Driftsføljeverknad: Meir teknisk anlegg å drifte, men er naudsynt for å ha kontroll på utslepp.

Prosjekt 14 Oppgradering utleigebustadar

Grunna stort vedlikehaldsetterslep må det settast av årleg rammebeløp til oppgradering. Tiltak blir vidareført, men er utsett 1 år. Innlagt kostnad er henta frå IK-Bygg tilstandsanalyse 2017. Det må settast av tilsvarande beløp i driftsbudsjettet til vedlikehald. Det må takast omsyn til leigebuarar. Driftsføljeverknad er auka levetid for bygg (LCC) og gjev betre inneklima og redusert straumkostnad (leigetakar betalar for eige straumforbruk).

Prosjekt 22 Enøk tiltak Rådhuset

Her vil vi kunne gjennomføre årleg mange små, men effektive enøk tiltak som vil gi driftsutgiftsreduksjon (som straum) og betre inneklima. Årleg rammebeløp. Tiltak vert redusert i 2023 grunna økonomisituasjonen. Tiltak er del av tilstandsanalyse. Innlagt kostnad er henta frå IK-Bygg tilstandsanalyse 2017.

Prosjekt 26 Innvendig vøling av Reset bufellesskap

Frå tilstandsanalyse ser vi behov for snarleg innvendig oppgradering av bebuarrom m.m. Vi må auke kostnad jf. generell venta kostnadsvekst. Kostnad er henta frå IK-Bygg tilstandsanalyse 2017. Knytt til dette beløp er det 20 % usikkerheit. Driftsføljeverknad auka levetid for bygg (LCC). Det må settast av tilsvarande beløp i driftsbudsjettet til vedlikehald.

Prosjekt 27 Innvendig vøling av Vigra Barnehage

Frå tilstandsanalyse ser vi behov for snarleg innvendig oppgradering m.m. Vi må utføre mindre naudsynte tiltak. Vi må auke kostnad, jf. generell venta kostnadsvekst. Utvendig oppgradering seinare i 10-års plan. Kostnad er henta frå IK-Bygg tilstandsanalyse 2017.

Prosjekt 29 Omlegging tak rådhus

Vi har ei lekkasje i taktekking for delar av taket. Dette tiltaket har vært utsett grunna økonomisituasjonen. Auka kostnad til kr 750 000,-. For å unngå følgeskapar så hastar tiltaket. Kostnad er henta frå IK-Bygg tilstandsanalyse 2017, 20 % usikkerheit.

Prosjekt 30 Oppgradering 2 og 3-mannsbustad Molnes

Fleirmannsbustadar på Molnes treng oppgradering innvendig og utvendig. Bustadane er i mindre grad vedlikehaldne og krev snarleg oppgradering. Manglande oppgradering kan føre til vanskar med utleige. Årleg rammebeløp. Det må settast av tilsvarande beløp i driftsbudsjettet til vedlikehald. Det må takast omsyn til leigebuarar. Kostnad er henta frå IK-Bygg tilstandsanalyse 2017. Driftsføljeverknad er auka levetid for bygg (LCC).

Prosjekt 32 Oppgradering Skomakarvegen Bufellesskap

Bygget er ca. 15 år og det er ikkje utført oppgradering sidan bygget var nytt. Bygget ber preg av generell slitasje. Oppgradering er tatt inn som årleg ramme for best mogleg tilpassing til brukarar. Det må settast av tilsvarande beløp i driftsbudsjettet til vedlikehald. Kostnad er henta frå IK-Bygg tilstandsanalyse 2017. Driftsføljeverknad er auka levetid for bygg (LCC).

Prosjekt 33 Renovasjonsrom Giske omsorgssenter

Giske omsorgssenter treng eit renovasjonsrom. Tidlegare nytta rom vart i 2017 renovert grunna sopp og fukt-skade. I dag vert eit areal i garasje nytta til oppbevaring av boss. Grunna lukt og fukt m.m., jf. motteke HMS avvik, må det etablerast eige renovasjonsrom. Nytt frittståande bygg eller

betre tilpassa rom i garasje er vurdert som løysing. Denne type rom må ha ventilasjon og anna teknisk installasjon. Kostnad er delvis henta frå IK-Bygg tilstandsanalyse 2017 og marknadstilpassa i 2022.

Prosjekt 34 Oppgradering utstyr bygg og eigedom

Tiltaket gjeld årleg pott som trengs til oppgradering av diverse utstyr tilhøyrande bygg- og eigedomsavdelinga. Dette gjeld bla. kjøp av robotklippar på Valderøy barneskule og oppgradering/nykjøp av anna utstyr.

Prosjekt 35 Oppgradering sydfasade Giske idrettshall

Giske kommunale idrettshall treng generell oppgradering av heile bygget, men det er syd fasaden som klart er i dårlegast forfatning. Bygg er frå ca. 1985. Vi må oppgradere med nye vindauge, dører, påforing/tillegg isolering, innvendig/utvendig kledning samt tekniske fag. Kostnad er henta frå IK-bygg tilstandsanalyse 2017, 20 % usikkerheit. Må vente auka kostnad når tiltaket vert starta opp.

Prosjekt 36 Vøling av aust fasade rådhus

Vidareføring av eldre tiltak som har blitt utsett grunna økonomisituasjonen. Fasade mot aust har ikkje vore vøla sidan oppstart og treng klart ettersyn. Vi må auke kostnad, jf. generell venta kostnadsvekst. Auke i kostnad då det er venta at vindauge må byttast. Oppgradering vil redusere energibehov og auke bygget sin levetid (LCC). Kostnad er henta frå IK-Bygg tilstandsanalyse 2017.

Prosjekt 39 Reinseanlegg Giske

Sanering av ureinsa direkteutslepp og etablering av reinseanlegg på Giskegjerdet, nordaust sida av Giske. Berekning basert på andre reinseanlegg. Tal er berekna i 2022 med 20 % usikkerheit for prosjektering og bygging. Prosjekt er foreslått i hovudplan VA. Antatt årleg driftskostnad ca. kr 100 000,- som blir dekt av vatn og avløps gebyr.

Prosjekt 40 Forprosjekt Godøy skule

Vidare kostnader til utbygging blir å komme tilbake til når kostnadskalkyle er klar etter forprosjekt. Godøy skule skal være prioritert som nr 3 av skular etter rapport frå Norconsult. Prosjekteringskostnad er frå 2018, usikkerheit 20 %.

Prosjekt 52 Vøle fasade inkl. vindauge av eldre del A-Bygg - Godøy skule

A-Bygget er for delar av fasade frå byggjeår og treng klart ei oppgradering om bygg skal nyttast vidare. Tiltak kan sjåast opp i mot prioritering nybygg.

Prosjekt 56 Hovudplan veg

Det ligg store verdiar i det kommunale vegnettet. Alle kommunar bør ha oversikt over kva dei eig, kva tilstand og verdi det dei eig har. Per i dag så veit vi at Giske kommune har eit stort etterslep på vedlikehaldet av vegnettet, men vi har ikkje ei god oversikt og dokumentasjon for tilstanden. For å kunne planlegge og gjennomføre dei riktige tiltaka som er nødvendige for å bevare vegkapitalen, er det ei forutsetning at ein kjenner vegobjekta sin tilstand. Ein hovudplan veg vil gi eit godt grunnlag for å utføre rett tiltak på riktig stad til rett tid. Ved utarbeiding av ein hovudplan veg vil tilstanden dokumenterast og konsekvensar av lave løyvingar vil synleggerast.

10 % reserve. Driftsføljeverknad: Sørgjer for ein plan for vedlikehald m.m. i kommunen. Gjer at vi kan ha målretta vedlikehald, og i større grad drive med asfaltering framfor større utbetringar.

Prosjekt 57 Renovering garderobe B-bygget Godøy skule

Treng oppgradering av garderobe inkl. avtrekk/ventilasjon. Kostnad er vanskeleg å fastsette.

Prosjekt 58 Renovering toalett B-Bygget - Godøy skule

Treng oppgradering av toalett inkl. avtrekk/ventilasjon. Kostnad er vanskeleg å fastsette.

Prosjekt 59 Oppgradere lokale ved symjehall - Godøy skule

Gamal symjehall vert sanert, jf. eige tiltak, men tilgrensande lokale må oppgraderast til ny bruk.

Prosjekt 64 Forprosjekt bu-tilbod til barn med spesielle behov

Forprosjekt til bu-tilbod til barn og unge med spesielle behov. Det vert å kome tilbake til kostnad for prosjektering og ev. nybygg etter forprosjekt. Tal frå 2020, usikkerheit 20 %.

Prosjekt 65 Sanering av symjehall – Godøy skule

Tilbygg med symjehall må sanerast og ny fasade tilpassa ny drift. Vi må auke kostnad, jf. generell venta kostnadsvekst. Tiltak er utsett grunna økonomisituasjonen. Frå tilstandsanalyse er det større skade i dette tilbygget. Symjehallen vert ikkje nytta og opprinneleg formål passar ikkje inn i dagens drift. Tilstand tilseier at bygg bør sanerast. Grunna større fuktskade i fasade m.m. er det ynskje om å utføre dette seinast 2023. Kostnad er henta frå IK-Bygg tilstandsanalyse 2017.

Prosjekt 68 Tilstandsvurdering/prosjektering Giske idrettshall

Det er eit stor behov for oppgradering av Giskehallen. For å kartlegge behovet er det naudsynt med ei tilstandsanalyse, utført av ekstern konsulent. Når tilstandsanalyse føreligg kan ein estimere naudsynt oppgraderingsbehov. Tilstandsanalyse må difor sjåast på som ein del av eit større prosjekt, der kostnader til oppgradering vil verte lagt inn i økonomiplanen seinare.

Prosjekt 71 Vøling av Streten og gym bygg – Giske ungdomsskule

I påvente av ev. nybygg må vi utføre naudsynt oppgradering av bygg som inneheld gymsal og vøle streten då denne kan føre til stor fuktskade på bygningen. Grunna økonomisituasjonen er tiltaket utsett. Størst del av kostnadane til dette tiltaket vil vere knyta til oppgradering av streten. Oppgradering av gym/sanitær del er ikkje en del av dette tiltaket. Kostnad er henta frå IK-Bygg tilstandsanalyse 2017, 20 % usikkerheit. Må vente auka kostnad når tiltaket vert starta opp.

Prosjekt 72 Gjerde ved Giske barnehage og ved Vigra barnehage

Mykje av gjerde og portar ved barnehagane stettar ikkje dagens krav med tanke på høgd m.m. Kostnad er henta frå IK-Bygg tilstandsanalyse 2017. Vi må auke kostnad, jf. generell venta kostnadsvekst. Grunna økonomisituasjonen er tiltaket utsett.

Prosjekt 75 Giske barnehage møbler vogner

Giske barnehage har behov for nye møbler til barna. Spesielt møblane til dei minste er slitte og ikkje etter dagens barnesyn. Barnehagen må ta imot fleire småbarn på grunn av mangel på barnehageplassar i kommunen og har ikkje vogner nok til å ta alle småbarna på tur samtidig. Møblane til dei eldste barna er også utslitne og står for fornying. Tal frå 2022 inkludert 30 % reserve, ingen driftsføljeverknader. Pga. økonomisituasjonen blir ikkje heile behovet prioritert.

Prosjekt 76 Giske ungdomsskule it-utstyr

Giske ungdomsskule har stort behov for å skifte it-utstyr til lærarar og elevar. Blant anna er det mange lærarar som manglar kamera og mikrofon på pc som ikkje er bra når mykje skjer digitalt. Barneskulane har mindre behov for utskifting. Ungdomsskulen har bedt om kr 1,8 millionar inkl. 20 % reserve (kostnadstal frå 2021). Men pga. økonomisituasjon blir det vidareføring av vedtatt økonomiplan med kr 100 000,- pr år i 3 år frå 2023. I tillegg bør ungdomsskulen prioriterast i prosjekta 2302 ikt utstyr skule og 1301 digitalisering. Årleg beløp er en pott inkl. reserve, ingen driftsføljeverknader.

Prosjekt 78 Vigra skule møbler leikeapparat

Vigra skule har ønske om møbler til sfo og skule i tillegg til klatrestativ. Det er nesten ikke leikeapparat ved skulen. Tal fra 2021 lagt til 30 % reserve, ingen driftsføljeverknader.

Prosjekt 80 Nytt arkivsystem

Servicekontoret i eining kultur, service, næring har behov for nytt arkivsystem. Kostnadsbereknad til kr 5,4 millionar inkludert 20 % reserve. Prosjektkostnad blir fordelt over 5 år, 3 av åra er innlagt i økonomiplan fra 2024. Tal fra 2022 er basert på tilbod frå IKA. Kr 2,9 millionar er lovpålagt arkivjobb, mens kr 1,6 million er digitalisering av papirmateriale byggesak, landbruk og oppmålingsarkiv. Ingen driftsføljeverknader.

Prosjekt 81 Dusj i 6 pasientrom ved Vigra omsorgssenter

Det er ønska å etablere dusj m.m. i 6 bebruarrom ved Vigra omsorgssenter. Vurdert til høg kostnad pga. vanskeleg tilkomst m.m.

Prosjekt 82 Utvendig vøling av Vigra omsorgssenter

Alt av bygg må malast inkl. bytte/rep av vindauge/dører/anna. Avgrense tiltak mellom vedlikehald (drift) og oppgradering. Forutset at driftsbudsjett knytt til vedlikehald blir auka.

Prosjekt 83 Innvendig vøling av fellesrom m.m. Giske omsorgssenter

Belegg m.m. må mellom anna bytast i alt av fellesareal. Bygg treng generell oppgradering for vidare drift. Drift og investering ca. 50/50. Forutset at driftsbudsjett knytt til vedlikehald blir auka.

Prosjekt 84 Skyllerom til rein og skitten sone Giske omsorgssenter

Grunna strenge krav til smitte m.m. må det etablerast reinhald soner. Forutset at driftsbudsjett knytt til vedlikehald blir auka.

Prosjekt 85 Utviding av parkeringsplass Giske omsorgssenter

Giske omsorgssenter treng utviding av parkeringsareal, samt oppgradering av eksisterande plass (oppmerking og skilting).

Prosjekt 86 Sanering av helsestasjonsbrakkene og Heimly

Brakkerigg (tidlegare helsestasjon) saman med bustadhús (Heimly) må sanerast/rivast. Stor usikkerheit i marknaden jf. kostnad.

Prosjekt 88 Vøling av nord fasade på rådhuset

Alt av vindauge må nok bytast/oppgraderast. Vidare må fasadekledning oppgraderast. Kostnad er vanskeleg å fastsette.

Prosjekt 89 Vøling av vest fasade på rådhuset

Alt av vindauge må bytast/oppgraderast. Vidare må fasadekledning oppgraderast. Kostnad er vanskeleg å fastsette.

Prosjekt 90 Bytte fasade Hustruhamna v/Giske omsorgssenter

Hustruhamna v/Giske omsorgssenter har fasade frå byggår 1985. Denne må oppgraderast slik at vi kan videreføre drift utover levetid. Tiltaket forutset at det vert auke i driftsbudsjett knytt til vedlikehald.

Prosjekt 91 Oppmåling, asfaltering, skilting m.m. parkeringsplass rådhuset

Uteområdet knytt til parkering for besökande og tilsette må oppgraderast, jf. krav til universell utforming og tilpassa dagens bruk. Varemottak er ikkje del av dette.

Prosjekt 92 Leidningsanlegg VA Gjerdevegen

Sanering av ca. 300 m eternit vassleidning. Siste del av eternitt på Giske. Samordning med Mørenett for å legge høgspent i trekkerør. Vidareføring Skulevegen.

Prosjekt 93 Sykkelskur - Godøy skule

Skulen har ønske om betre system for oppbevaring av sykler m.m. Dette for å betre legge til rette for meir sykling til skulen.

Prosjekt 94 Utskifting/oppgradering av pumpestasjonar

Fleire vass- og avløp pumpestasjonar har stort behov for rehabilitering og oppgradering. Dette er vass- og avløp stasjoner som er 30-40 år gamle.

Prosjekt 95 Sanering gamle og nedlagte VA anlegg

Sanering/sikring av gamle og nedlagte vass- og avløps anlegg som ikkje lenger er i bruk.

Prosjekt 96 Ny Varmepumpe - Grunnvarme - Valderøy barneskule

Eksisterande varmepumpe er mest sannsynleg feilkonstuert/prosjektert. Det har dei siste 3-4 årene vore fleire forsøk på å få denne til å fungere utan å lukkast. Rapport frå konsulentar med fagkompetanse har ikkje klart å avdekke klare feil, men vi har gjennom erfaring frå utførande entreprenør kome til konklusjon. Det må inn ny varmepumpe og diverse ombygging. Tiltak er oppstarta, men ny varmepumpe mm. må fullførast.

Prosjekt 97 Utviding av parkeringsareal ved Alnes fyr og opplevelsessenter

Det er ønske frå Stiftinga Alnes Fyr om utvida parkeringsareal ved Alnes fyr og opplevelsessenter. Kostnad for grunnkjøp er ikkje med i kostnad.

Prosjekt 1301 Omstilling gjennom bruk av ikt, digitalisering og ny teknologi

Framhald av omstillingsarbeid, midlane er tenkt fordelt til heile organisasjonen knytt til digitalisering og bruk av ny teknologi. Startlisensar for nye ikt-program, velferdsteknologi, prosjektleiing mm. Teknisk eining treng fleire robotar innan reinhald og vedlikehald av parkområde. Helse- og omsorg ønsker å auke opp bruken av verktøy innan GPS og digitale tilsyn ute i heimane, sjølvhjelpsverktøy innan psykisk helse og rus, tryggleiksalarmer til tilsette, digitale kommunikasjonsverktøy og digitale søknader.

Digitale verkty til samhandling, velferdsteknologi til barn og unge med særleg behov og fagprogram til NAV sosialteneste. Digitale verkty og løysingar innan oppvekst. Vedtatt økonomiplan er kr 4 millioner pr år. Pott pr. år, inkl. reserve.

Prosjekt 1304 Eigenkapitalinnskot KLP

Eigenkapitalinnskot KLP, blir auka med kr 50 000,- pr. år, finansiert med overføring frå driftsrekneskap. Pott pr. år, inkl. reserve.

Prosjekt 2302 IKT-utstyr skular

Digitalisering og ikt-omstilling på skule. Vidareføring av vedtatt økonomiplan kr 480 000,- pr år i 2023-2024 og kr 580 000,- pr år frå 2025. Pott pr. år, inkl. reserve, ingen driftsføljeverknader.

Prosjekt 2336 Oppgradering skulekjøkken Giske ungdomsskule

I påvente av ev. nybygg må vi utføre naudsnytt oppgradering av skulekjøkken m.m. Det er vurdert som naudsnytt å ta ei totalrenovering. Grunna auka elevtal og stor slitasje (med fare for stenging av

mattilsyn m.m.) må vi utføre delvis oppgradering alt i 2022. Innlagt kostnad er henta frå IK-Bygg tilstandsanalyse 2017, 20 % usikkerheit. Må vente auka kostnad når tiltaket vert starta opp. Kostnad er fordelt på 2022 og 2023.

Prosjekt 3101 Formidlingslån

Vidareformidling av startlån frå Husbanken til vanskelegstilte, kr 8 millionar pr. år. Prosjektet er sjølvfinansierande ved at innbetalingar og utbetalingar er like store, same beløp som tidlegare år. Pott pr. år, inkl. reserve.

Prosjekt 5108 Varme Giske kommunale idrettshall

Giske kommunale idrettshall har dei siste åra fått ei oppgradering innvendig (spilleflaten). Men eksisterande ventilasjon er frå byggeår og klarer ikkje levere nok varme i hallen. I spilleflateareal er det midtvinters temperaturar nede i 10-12 grader. Vi må etablere meir varme. Det må investerast i varmepumper eller liknande. Tiltaket er utsett på grunn økonomisituasjonen. Kostnad er henta frå IK-Bygg tilstandsanalyse 2017. Vi må auke kostnad, jf. generell venta kostnadsvekst.

Prosjekt 5130 Nærmiljøtiltak Godøya – Godøy skule

Oppgradering av uteområde ved Godøy skule. Tiltaket er fordelt på 2022 og 2023. Nytt behov er sett fram frå skule og ny plan/prosjektering vil bli utført i 2022.

Prosjekt 5167 Giske ungdomsskule påbygg/nybygg

Forprosjekt knytta til auka elevtal i kommunen, og ein konsekvens av at ein har samla alle ungdomsskuleelevar på ein stad. Skulen fekk i 2021 oppsett modulbygg, men ein må framleis starte arbeidet med ei meir permanent løysing. Giske ungdomsskule har prioritet 2 når det gjeld skulebygg.

Prosjekt 5168 Vigra skule tilbygg/påbygg

Grunna auke i elevtalet må Vigra skule utvidast. Det vert budsjettert med kostnader til forprosjektering for kartlegging av vidare investeringsbehov. Forprosjekt er lagt til haust 2022/vår 2023. Vigra skule er prioritert som nr. 1 av 4 av skulane i rapport frå Norconsult. Kostnad for 2023 er auka grunna generell prisvekst. Usikkerheit på 20 %.

Prosjekt 5303 Oppgradering Godøy brannstasjon

Mykje av brannstasjon vart oppgradert i 2020, men det står igjen etablering av ventilasjonsanlegg i bilhall med meir. Tiltaket er utsett grunna økonomisituasjonen. Kostnad er henta frå IK-Bygg tilstandsanalyse 2017, 20 % usikkerheit. Må vente auka kostnad når tiltaket vert starta opp.

Prosjekt 5410 Felles Teknisk utstyr

Det vert lagt inn ein årleg pott til kjøp av felles teknisk utstyr. Dette er mindre utstyr til veg og park, td. kantklippar, motorsag, grasklippar, beitepussar m.m. Årleg pott inkl. reserve.

Prosjekt 5756 Utvikling av Gjøsund hamne- og næringsområde

Det vert oppretta ein prosjektorganisasjon for utvikling av Gjøsund hamne- og næringsområde. Dette for å sikre framdrift og avklare fagområde som infrastruktur, landstram, funksjonar, finansiering, eigarskap og organisering mm. I dette ligg at prosjektet må kunne leige inn ekstern kompetanse.

Prosjekt 6056 Gangveg/leidningsanlegg Reset

Eksisterande eternit vassleidning (VL) med gjentakande brot og med spesielt utfordrande trase forbi Vigra kyrkje. Grøfta går i stor grad der framtidig gangveg vil bli. Totalt 900 meter. Avløpsleidning og avløp pumpestasjon i same trase. Utførast i to etappar, aust for kyrkja i 2023 og vest for kyrkja i 2024. Prosjektet vil opne for bustadbygging i regulerte felt som har rekkefølge krav knytt til vatn og avløp.

Det er ønskeleg å bygge gangvegen samtidig som det blir lagt VA-anlegg for å halde nede kostnadene på bygging av gangveg. Tal berekna i 2021 med utgangspunkt i ei berekning frå 2018, 50 % usikkerheit. Antatt årleg driftskostnad 100 000 kr.

Prosjekt 6154 Leidningsanlegg Geilevika-Teppemøya

Stort behov for å sanere eternit leidning på vatn og etablere avløp for resterande del av prosjektet. Det er ein viss fare for at eternit leidninga ryker, og då vil området ikkje ha tilgang til vatn/slokkevatn. Det står att noko mindre prosjekteringsarbeid, før bygging kan ta til. Tal berekna i 2019, med 50 % usikkerheit.

Prosjekt 6201 Mindre veganlegg

Rammeløyving til å bygge mindre veganlegg etter behov. Pott pr. år er inkl. reserve. Driftsføljeverknad: Gir noko meir veganlegg som må driftast.

Prosjekt 6202 Gatelys

Det vert lagt inn ein årleg pott til utskifting av gatelys til ledlys, samt eventuelle andre mindre behov rundt gatelys som dukkar opp. Beløp er inkl. reserve. Driftsføljeverknad: Oppgradering til LED gir betre lys med mindre straumutgifter. Krev også mindre drift med moderne armatur.

Prosjekt 6204 Trafikktryggingstiltak

Det vert lagt inn ein årleg pott til mindre trafikktryggingstiltak, beløp er inkl. reserve. Dette kan vere tiltak innmeldt av innbyggjarar, skule, administrasjon eller frå politisk. Innmeldte behov skal kvart år bli vurdert opp i mot kvarandre, og ut ifrå desse vurderingane blir det laga ei prioriteringssiste. Driftsføljeverknad: Gir noko meir veganlegg som må driftast.

Prosjekt 6212 Transportmiddel og maskinar til uteseksjonen

Fornying av transportmidlar og maskiner/utstyr til uteseksjonen som har behov for løpende fornying pga. slitasje og alder. Fordelt på områda veg, vatn, avløp og renovasjon. Årleg beløp er inkl. reserve.

Prosjekt 6213 Utstyr og lisensar til prosjektleiarar

Giske kommune har etablert ei prosjektgruppe, og gruppa ønskjer ei rammeløyving til å kjøpe utstyr og lisensar til programvare som kan effektivisere deira arbeid. Årleg beløp er inkl. reserve. Driftsføljeverknad: Sørgjer for meir effektivt arbeid, og moglegheit til å kunne gjere meir arbeid internt.

Prosjekt 6221 Asfaltering/reparasjon kommunale vegar

Asfaltering og utbetring av kommunale vegar. Hovudfokus på asfaltering dei første åra. Det er stort etterslep på vedlikehaldet av kommunale vegar og det er fleire vegar som har behov for reasfaltering. Ein følgjer prioriteringssiste laga av uteseksjonen fram til hovudplan veg er utarbeidd. Årleg beløp inkl. reserve. Driftsføljeverknad: Sørgjer for å asfaltere vegar før dei blir øydelagde. Blir mykje dyrare å utbetre vegar dersom dei forfall meir enn berre toppdekke.

Prosjekt 6250 Modernisering av leidningsanlegg/lekkasjered./hovudplan

Giske har i snitt 30-50 % lekkasje på leidningsnettet. Prosjektet skal finansiere nye målepunkt for å kunne enklare finne lekkasjar, og ha betre kontroll på leidningsnettet. Tal berekna i 2020 med 30 % usikkerheit. Driftsføljeverknad: Gir meir kontroll på leidningsnettet slik ein raskare kan finne lekkasjar, og gir betre data til å vurdere kvalitet/behov. Noko vedlikehald av fleire målarar.

Prosjekt 6256 Bytte av generator Alnes vassverk

Utskifting/oppgradering av en generator som produserer vatn frå fall leidninga frå Alnesvatnet. Generatoren er utslitt og må skiftast ut for å behalde fordelen med sterkt reduserte straumkostnader og reservestraum som en slik generator gir i tillegg til nødstraumløsing. 40 % usikkerheit.

Driftsføljeverknad: Ved å optimalisere bruk av generatoren til å produsere meir straum på vassverket, blir vi i større grad sjølvforsynt i ein beredskapssituasjon.

Prosjekt 6257 Naudstraumagggregat på hengar

Naudstraumagggregat for å kunne nytte vass- og avløppspumper i kommunen ved straumbrot. Dimensjonert for bla. Valderhaugstrand VP (største stasjon utanom Alnes VBA), som forsyner kommunen med vatn frå Ålesund. Prosjektet startar i 2022 med innkjøp av nødstraumanlegg til Alnes VB. Fortsett i 2023 med innkjøp av mobile aggregat i noko mindre storleik til andre stasjoner som er kritiske for infrastrukturen på vass- og avløpssida i Giske.

Prosjekt 6365 Forprosjekt leidningsanlegg Dyb Vest

Området Dyb vest har ikkje slukkevatn eller godkjent spilvassløysingar. Området kan byggast ut vidare etter ein slik utbygging. Forprosjekt med 20 % usikkerheit. Driftsføljeverknad: Gir meir anlegg å vedlikehalde, men sørger for moglegheit til vidare utbygging i området.

Prosjekt 6373 Leidningsnett og pumpestasjonar Valderøya

Bygging av ca. 4 800 meter avløp leidningsnett og 7 stk. avløp pumpestasjonar på Valderøya for å samle avløpa til framtidig RA på Valderhaugstrand. Dette vil føre til sanering av 8 ulovlege kommunale direkteutslepp. Prosjekt er foreslått i hovudplan VA. Tal berekna i 2021 med 30 % usikkerheit. Antatt årleg driftskostnad kr 300 000,- som blir dekt av vatn og avløpsgebyr.

Prosjekt 6380 Tilbygg Alnes Reinseanlegg

Utviding av reinseanlegget for lagerplass, permanent løysing for Co2 innandørs m.m. Forprosjekt i 2022 for å vurdere kva som skal inkluderast i bygget, konstruksjon, og integrasjon mot eksisterande løysingar. Bygging i 2023/24 etter forprosjekt med 20 % usikkerheit. Driftsføljeverknad: Gir meir bygg å vedlikehalde, men gjer at vi kan lagre meir på Alnes, og får utstyr frå containerar inn i bygget.

Prosjekt 6381 Mindre leidningsanlegg

Mindre tiltak på leidningsanlegget som ikkje fell under fornying. Mindre nye traséar osv. Pott pr. år er inkl. reserve. Driftsføljeverknad: Gir noko meir leidningsanlegg å drifta, men kan løyse flokar i nokre tilfelle. Justert opp årleg sum med 20 % pga. auka material- og anleggskostnader.

Prosjekt 6383 Fornying leidningsanlegg

Behov for å auka budsjettet og auke fornyingstakt for vatn og avløpsanlegg i ein periode framover. Der er problem med missfarging av drikkevatnet frå støypejerns-leidninga.

Ved prosjektgjennomføring bruker vi totalentreprisar. Da kan 2-3 entreprenørar gjennomføre prosjektering, etter anvisning frå kommunen. Dette har vist seg å gi gode teknisk løysningar, tidsbesparande og økonomisk fordelaktig for kommunen. Det viser seg at vi kan gjennomføre fleire prosjekter enn før med denne modellen. Budsjett pr. år er inkl. reserve.

Driftsføljeverknad: Fornying av leidningsnett gir store driftsfordelar. Mindre moglegheit for lekkasje, leidningsbrot, betre vasskvalitet med meir. Justert opp årleg sum med 20 % pga. auka material- og anleggskostnader.

Prosjekt 6390 Reinseanlegg Roald

Leidningsanlegg og pumpestasjonar er ferdig bygd og fører avløpsvatn til ulovleg direkteutslepp på Roaldsneset (Rotmyrfjørå). Tomt for RA er regulert til T2 Kommunalteknisk anlegg. Tal er berekna i 2022 med 30 % usikkerheit. Oppstart prosjektering 2023 med byggstart 2024. Prosjekt er foreslått i hovudplan VA. Driftsføljeverknad: Meir teknisk anlegg å drifta, men er naudsynt for å sanere eit ulovleg utslepp. Antatt årleg driftskostnad kr 500.000,- som blir dekt av vatn- og avløpsgebyr.

Prosjekt 7320 Forprosjekt Godøy gravplass utviding

Kyrkjeverje har prioritert dette investeringstiltaket som nr 2. Godøy gravplass er snart full. Førebels blir det tatt med berre forprosjekt, vidare utbygging blir vurdert når forprosjekt med kostnadsoverslag er ferdig. Beløp er inkl. reserve, tal frå 2020.

Prosjekt frå vedtatt økonomiplan 2023-2025 som ikkje er vidareført:

- Prosjekt 4308 Turvegar og kulturminne: skilt, tilrettelegging. Prosjektet vil bli dekkja gjennom drift over fleire år i staden for investering.
- Prosjekt 4309 WC Windsneset. Det blir kostbart å bygge infrastruktur med vatn/avløp slik prosjektet er planlagd og vanskeleg å drifte bygget med reinhald. Det vil i staden bli forsøkt å finne løysingar i eksisterande bygg på Alnes i samarbeid med velforeining e.l. mot vederlag.
- Prosjekt 6154 Gangveg leidningsanlegg Geilevika – Teppemyra er vidareført i økonomiplan, men redusert til utbygging av vass- og avløp leidninganlegg. Gangvegen blir utsett og er ikkje vidareført i økonomiplan, men blir lagt inn i nytt prosjekt 98 Gangveg Geilevika - Teppemyra. Det blir jobba politisk for at Fylkeskommunen skal betale for gangveg langs fylkesvegen. Nettokostnader for gangveg er prosjektering kr 90 000,- i 2024, bygging fordelt på 2 etapper med kr 6 millionar i 2025 og kr 10 millionar i 2026.
- Prosjekt 2 Forprosjekt renovering mellombyggi Giske skule og prosjekt 31 Oppgradering tomannsbustad Godøya er utsett til seinare i 10-års planen grunna økonomisituasjonen til kommunen.
- Prosjekt 7300 Valderøy kyrkjegard har fått budsjett i 2022 frå ubrukte lånemidlar i kommunestyresak. Prosjektet blir utført i 2022.